



ÅRSPLAN ÅMOTSDAL BARNEHAGE

2011-2012



Adresse: Åmotsdalvegen 1253, 3841 Flatdal

Tlf.: 35 05 13 75

Styran: Ann-Christin Freberg Høgetveit

E-post: amotsdal.barnehage@seljord.kommune.no

Seljord kommune si heimeside: www.seljord.kommune.no

Innhold:

Føreord
Innholdet i barnehagen
Satsingsområde
Barns rett til medverknad
Sikkerhetsrutiner for bruk av reiskap
Matsservering i barnehagen
Dokumentasjon, vurdering og personalutvikling
Faste aktivitetar og rutinar
Overgang barnehage / skule
Råd og utval
Barnegruppa
Personalliste
Årskalender



Uteområdet i barnehagen

Føreord

Årsplanen er Åmotsdal barnehage sitt program for barnehageåret 2011-2012. Me ynskjer at årsplanen vår skal vere oversiktleg og brukarvenleg og håpar de finn nyttig informasjon i den. Grunnlaget for årsplanen sitt innhald er henta frå Rammeplan for barnehagar, Lov om barnehagar, lokal rammeplan for barnehagane i Seljord og Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune. Årsplanen legg og til grunn vurderingsarbeid gjort av barna, personalet og foreldra året før. I tillegg er det laga eit informasjonshefte om barnehagen som alle nye foreldre får utdelt.

Barnehagelova seier at barnehagen skal gje barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet og kreativitet og gje utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskap og ferdigheter. Rammeplan for barnehagar er ei forskrift til lova som gjev retningslinjer for barnehagens verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Årsplanen er ei grovskisse og detaljane blir forma undervegs. Me vurderar heile tida korleis verksemda fungerer og gjer på bakgrunn av det justeringar etter kvart. Meir detaljerte planar blir presentert i form av månadsplanar undervegs i barnehageåret.

Åmotsdal barnehage, august 2011
Ann-Christin Freberg Høgetveit.

Innhaldet i barnehagen

Barnehagen sitt innhald skal vere allsidig og variert og utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Samtidig skal innhaldet støtte språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær.

Rammeplanen seier omsorg, leik, læring og sju fagområde skal vere sentralt i barnehagen sitt innhald.

OMSORG

Rammeplan - 06:

" Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Barnehagepersonalet har ei yrkesetisk plikt til å handle omsorgsfullt overfor alle barna i barnehagen."

Personalet i Åmotsdal barnehage har definert omsorg som:

- dekke grunnleggjande behov (mat, drikke, søvn, stell)
- sjå alle og ha tid til å sjå korleis barnet har det / er opptatt av
- at alle opplever tryggleik / tillit og får delta / medverke i fellesskapet
- trøyst
- glede og humor
- oppmuntre barna til å gje / ta imot omsorg

LEIK

Rammeplan -06:

" Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen."

Leik er ein viktig del av kvardagen i barnehagen og me vil legge til rette for mykje leik. Eit leikefellesskap legg grunnlaget for vennskap. Å få delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt.

Leiken er ein arena der barna kan "få leike ut" opplevingar og erfaringar. Difor er det ein arena me må respektere og ta på alvor.

Nokre viktige sitat om leik:

"Med sitt trylleformular "på liksom" skaper barna i sin fantasilek en sfære der alt er mulig" (Eli Åm)

"Barna, med leken som sitt viktigste redskap, spiller selv en aktiv rolle når det gjelder å skape en meningsfull ramme rundt sitt samvær. Med leken skaper barna orden av kaos". (Eli Åm)

"I leken fremstår det lille barnet med en verdighet vi elles ikke ser, som fritt subjekt og forpliktet deltaker" (Eli Åm)

Ved å legge til rette for eit godt leikemiljø vil vi prøve å oppnå:

- at barna får venner og utviklar eit sosialt fellesskap
- at leikemiljøet stimulerar til rik og variert språkutvikling
- at leikemiljøet blir ein viktig arena for sosial utvikling
- glede, humor og varierte erfaringar
- At barna føler at "deires arena" blir teke på alvor.

LÆRING

Rammeplan -06:

"Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Dette skal barnehagen støtte og slik gje eit godt grunnlag for livslang læring."

I barnehagen er det viktig at vi vaksne støttar barna når dei er nysgjerrige og undrar seg over noko, og at vi er aktive i forhold til barnas læringssituasjonar. Nokre barn tek lett initiativ til å oppsøkje læringssituasjonar, medan andre kan hende treng litt meir støtte frå vaksne i høve til nett dette. Vi må vere sensitive overfor kroppsspråket til barna slik at dei som ikkje klarar å formidle seg verbalt, også blir forstått, og får moglegheit til å lære om ting dei er interesserte i.

Barnehagen skal styrke barns læring i formelle og uformelle læringssituasjonar. Dei formelle situasjonane er planlagt og leia av personalet. Dei uformelle læringssituasjonane er nærare knytt til kvardagssituasjonar som til dømes måltid, påkledning, leik og andre rutinesituasjonar.

Læring i barnehagen skal gje barn grunnleggjande kunnskap på ulike område. Vi vaksne har difor eit ansvar i høve til å nytte dei sju fagområda som står i Rammeplanen.

I Åmotsdal barnehage vil vi arbeide med fagområda på desse måtane:

Kommunikasjon, språk og tekst:

- song, rim, regler, rytme
- bli kjent med bokstavar
- språksamling
- lesing
- dramatisering av eventyr, segn og liknande
- vere gode samtalepartnarar for barna

Kropp, rørsle og helse:

- turar i variert terreng
- bruk av gymsal
- variert, sunt kosthald
- lære om hygiene
- ski- og sykkeldagar
- dans
- veksling mellom aktivitet og kvile

Kunst, kultur og kreativitet:

- Åmotsdal kyrkje
- litteratur
- ulike formingsaktivitetar
- song, dans, musikk
- dramatisering av lokale segn og soger
- lokale mattradisjonar

Natur, miljø og teknikk:

- bruke nærmiljøet
- lære om årstidene - planter, dyr, vèr
- søppelrydding
- kjeldesortering

Etikk, religion og filosofi:

- markere jole- og påskehøgtida
- tid til undring
- vere førebilete for barna
- støtte barna i ulike situasjonar
- nytte rammeprogrammet "du og jeg og vi to" - sosial kompetanse

Nærmiljø og samfunn:

- vitje arbeidsplassar i bygda
- bli kjent i nærmiljøet
- nytte området ved Gapahuken

Antall, rom og form

- bli kjent med geometriske former
- bli kjent med tal
- spele spel, leike med ulikt konstruksjonsmateriell
- sortere og samanlikne
- bli kjent med mengde og vekt

Satsingsområde

Me vil og i år ha språkstimulering, sosial kompetanse og matematikk som satsingsområde. Dette er område me vil arbeide med gjennom heile barnehageåret, ofte i aldersinndelte grupper men også felles i heile barnegruppa.

Barnehagane i Seljord har hatt eit toårig prosjekt om språkstimulering. Gjennom dette arbeidet er det laga ein felles plan for språkstimulering, det er laga språkpermar med materiell, metodikk og språketeori, og det er samla både verktøy og lokalt kulturstoff. Språkstimulering er ein høgt prioritert del av barnehageverksemda, og det skal merkast at vi arbeider mykje med språk.

Me har bokstavar, tal og symbol lett tilgjengeleg for barna slik at dei kan eksperimentere med bokstavar og ord. Bøkar og litteratur har stort fokus, og me har språksamling i aldersinndelte grupper. Personalet arbeider med å vere gode språkmodellar som lyttar, gjev konstruktiv respons og brukar kroppsspråk, talespråk og tekst.

Me nyttar språkregistreringskjemaet TRAS (tidleg registrering av språkutvikling). Dette er eit "verktøy" me kan nytte for å fylgje barna si utvikling og sikre at barn med forsinka språkutvikling ikkje blir oversett.

Det andre satsingsområdet vårt er sosial kompetanse. Sosial kompetanse handlar om å meistre samspel med andre, eller som Kari Lamer seier: "*det handler om å lykkes i å omgås andre*". Me nyttar eit rammeprogram som heiter "Du og jeg og vi to" utarbeida av Kari Lamer for å arbeide systematisk med området. Til dette programmet fylgjer det med eit temahefte med historiar som barna lett kan identifisere seg med. Me nyttar innhaldet i desse historiane på ulikt vis

(høgtlesing, rollespel, samtale og så vidare) samstundes som me skal overføre innhaldet til kvardagssituasjonar. Me arbeider med dette området i dei aldersdelte gruppene slik at me kan tilpasse innhaldet til utviklingsnivået. Men me har også opplegg som alle i barnehagen er med på.

Dette er eit satsingsområde me har jobba med nokon år, for det er viktig at ein ikkje jobbar med dette berre eit år, då det er like aktuelt heile tida.

Samstundes forandrar barnegruppa seg, og det å meistre samspel med andre blir stadig ein viktig kompetanse å ha.

Me kjem til å ha matematikk som eit satsingsområde i år også. Barnegruppa i fjor syntest det å få meir kjennskap til *kva som er matematikk*, og *korleis det faktisk kjem fram* i leiken deiras, var spennande. I Rammeplanen står det; *"Gjennom lek, eksperimentering og hverdagsaktiviteter utvikler barna sin matematiske kompetanse"*.

Ut i frå dette ynskjer me å bli meir bevisste på den matematikken som *faktisk finst* i leik med ulikt materiell og i kvardagen elles. Sjølv om det finst mykje matematikk ikring barna blir det ikkje matematikk før me set ord på aktiviteten ved hjelp av matematiske begrep. Eksemplar på matematisk språk kan vere; *Fyrst, sist, foran, etter, mellom, bak, liten, mindre, minst ol. (rekkefølge og størrelse)*. Me arbeider med matematikk ved bl.a å nytte eventyr, matlaging, ha tall, bokstavar og fargar synlege, spele spel, og elles vere bevisste i leik og samspel med barna.

Nærmiljøet

I fylgje Rammeplanen skal barna bli kjent med og delta i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet. Dette vil vere med på å styrke barnas identitet og tilhøyrrighet til bygda, og dei kan få auge på nærmiljøets mange ressursar.

Naturen gjev rom for mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Me ynskjer at barna skal oppleve glede ved å ferdas i naturen og få grunnleggande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen. Me nyttar nærområdet for å lære barna om dyr, fisk, fuglar, insekt og planter.

Friluftaktivitetar og uteleik har ein sentral plass i barnehagens kvardagsliv.

IKT-(informasjons- og kommunikasjonsteknologi)

I fylgje Rammeplanen bør barna i barnehagen få oppleve at digitale verktøy kan vere ein kjelde til leik, kommunikasjon, og innhenting av kunnskap.

Me ynskjer at barna skal få kunnskap om og lære å ta i bruk ulike digitale verktøy på ein nyttig måte. Me kjem til å ha pedagogiske spel tilgjengelege, og nytte teikneprogram på datamaskina. Samstundes skal barna få vere med på å nytte kameraet som barnehagen har. Dei skal på denne måten lære korleis ein handterer eit kamera, og få vere med å velje ulike motiv, m.a i naturen. Dei skal og ha kvar sin "fotoveke" der dei sjølv bestemmer kva for bilete dei ynskjer å ta. Bileta blir laminert og hengt opp på veggen saman med litt tekst. Barnet som har "fotoveke" er med på heile prosessen.

Det er viktig å understreke at det ikkje er dei digitale verktøya i seg sjølv som er det viktigaste, men måten me nyttar dei i det pedagogiske arbeidet.

Barns rett til medverknad

Rammeplanen -06:

"Barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeld dei sjølv, og at meiningane skal telje. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen.

Å gje barn rett til medverknad handlar ikkje om å la barna få gjere som dei vil. Det handlar heller om å legge til rette for praksis der alle opplever at dei blir høyrte og at det har innverknad på det som skjer. Dei vaksne må la barna kome med tankar og meiningar og ta dette på alvor. Barna skal bli spurt, høyrte og akseptert for det dei seier og meiner. Synspunkta skal vektleggast i forhold til barnets alder og modning, og ein skal handle ut frå det som er til det beste for barnet. Ved at barna får erfaringar i å bli høyrte og at meiningane deires blir teke på alvor, kan det vere større moglegheit for at dei seinare i livet vågar å seie si meining og stå imot gruppepress.

Sikkerhetsrutiner for bruk av reiskap

Barna skal alltid spørje om å få bruke verktøy, og det skal alltid vere ein vaksen som har oppsyn med barna når dei nyttar reiskap. Den vaksne er ansvarleg for at bruken er i tråd med sikkerhetsrutinane. Ein skal alltid ha tilgang til fyrstehjelpsutstyr og telefon ved slike aktivitetar. Ved misbruk av reiskap får ikkje barna nytte reiskap lenger den dagen.

Kniv:

- Max 2 barn skal spikke samstundes
- Den vaksne som har ansvaret for spikkinga skal ikkje ha andre arbeidsoppgåver
- Kniven skal ikkje takast ut av slira før barnet sit klar, og barnet skal legge kniven tilbake i slira når det er ferdig med å spikke
- Den vaksne skal rettleie og vise korleis ein skal spikke, til dømes at ein alltid skal spikke utover, vekk frå kroppen
- Det skal vere trygg avstand mellom barn som spikkar, og det opprettast ei sikkerhetssone framfor den / dei som spikkar
- Barnet må klare å stoppe spikkinga dersom andre barn kjem for nære
- Barna skal vere godt informert om reglane før dei får spikke

Sag:

- Den vaksne skal rettleie og vise korleis ein nyttar ei sag
- Den vaksne som har ansvar for saging skal ikkje ha andre arbeidsoppgåver

Hammar og spiker:

- Den vaksne skal rettleie og vise barna korleis ein nyttar hammar og spiker
- Den vaksne som har ansvar for snikkinga skal ikkje ha andre arbeidsoppgåver
- Plankar med spiker skal ikkje ligge og slenge slik at nokon kan trakke på dei

Barnehagen gjer merksam på at ein aldri kan garantere at det ikkje vil skje uhell når ein nyttar verktøy som kniv, sag, hammar og spiker.

Matsservering i barnehagen

I følgje Rammeplanen skal barnehagen legge til rette for at barn tilegnar seg gode vanar, haldningar og kunnskap om kosthald, hygiene, aktivitet og kvile. I 2007 kom det nye retningslinjer for matsservering i barnehagen. Dei tar for seg ulike sider ved måltidet i barnehagen:

- Kor ofte bør ein ete
- Kor lenge bør eit måltid vare
- Dei vaksnes rolle under måltidet
- Hygiene
- Innhald av mat og drikke

Det me serverer av mat og drikke i barnehagen er ein stor del av barnas totale kosthald. Heim og familie har det grunnleggande ansvaret for barns kosthald, men barnehagen har innflytelse på barns matvanar, ernæringsstatus og helse.

Me serverar alltid fiskepålegg til brødmåltida, og har minst eit varmt måltid med fisk i månaden. Frukt og grønnsaker får barna servert kvar dag. Som tørstedrikk nyttar me vatn. Me har ikkje pålegg som inneheld mykje sukker, og me feirar bursdagar med varmmat, fruktfat / spyd eller kveitebollar.

Dokumentasjon, vurdering og personalutvikling

Arbeidet i barnehagen skal vurderast ut frå kriteriar i Barnehagelova, Rammeplanen og lokal rammeplan for Seljord. Arbeidet skal vurderast, skildrast og analyserast. Vi skal ikkje evaluere kvalitet i forhold til enkeltbarn, men kvaliteten på korleis vi vaksne samspekar med barna.

Eit verktøy me kjem til å nytte i vurderingsarbeidet er praksisforteljingar. Ei praksisforteljing er ei hendig i barnehagen som nokon av personalet skriv ned. På personalmøta går vi gjennom forteljinga der vi reflekterer over innhaldet i historia. Vi diskuterar kva som skjer, kvifor skjer dette, kva hadde skjedd dersom den vaksne hadde handla annleis og så vidare. Refleksjon og drøfting over eigen praksis er nøkkelord. Målsettinga er å få vaksne som reflekterer og er bevisste i høve til si eiga rolle i barnehagen.

Personalet deltek også på kurs som omhandlar viktige sider ved barnehagens verksemd. Det blir også arrangert pedagogmøte og fagtreff der personalet frå alle barnehagane i kommunen deltek. Dette er arenaer for felles refleksjon, drøfting og læring.

Faste aktivitetar og rutinar

- 5-årsgruppe: det blir i løpet av året gruppeaktivitetar for 5-åringane. Aktivitetane vil blant anna vere språksprell, språkleikar, arbeid med tal, former og mønster.
- aldersinndelte grupper der me arbeider med ulike tema og satsingsområda
- underhaldning på joletefesten og 17.mai
- tri sosiale samankomster for barn, personale og foreldre. (Lucia, påske, sommar)
- markere barna sin fødselsdag med flagg, song, ljós og "rakettar" i samling. Barnet som har fødselsdag får velje mat den dagen; spagetti, kveitebollar eller fruktspyd / fat.

Dersom ikkje alle barna i barnehagen blir invitert i bursdagsselskap, ber vi om at invitasjonane blir levert privat.

Overgang barnehage / skule

Barnehagen og skulen skal i samarbeid leggje til rette for overgangen frå barnehagen til fyrste klasse. For barnehageåret 2011-2012 er planen at 5-åringane skal delta på fylgjande:

- uteskule
- to formelle samlingar på vårparten

I tillegg kjem alt anna samarbeid med skulen som leseprosjekt, utplassering av elevar, joleavslutning, skidag, sykkeldag og andre felles arrangement.

Like viktig som det formelle samarbeidet er det uformelle som skjer kvar dag då me held til i same bygg og nyttar felles uteområde.

Råd og utval

- **Foreldrerådet** skal hjelpe til med at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Alle foreldra er med i foreldrerådet.

For 2011-2012 er desse vald:

Leiar: Tanja Sluijsmans

Nestleiar: Gro Marita Brauti

- **Samarbeidsutvalet (SU)** skal vere med på å drøfte barnehagen sitt innhald og fremme kontakt mellom barnehage og lokalsamfunn. SU er sett saman av ein representant for foreldra, ein representant for dei tilsette, og ein representant for eigar, dvs. ein polititar frå Seljord kommune. Styrar i barnehagen er skrivar. *SU i 2011-2012 er:*

Representant for foreldra: Leiar: Tanja Sluijsmans

Nestleiar: Gro Marita Brauti

Representant for personalet: Reidun Groven

Representant for eigar: John Olav Haugetuft

Skrivar/styrar: Ann-Christin Freberg Høgetveit

Gapahuken vår



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Åsmund		Åsmund		Åsmund
Maren I	Maren I	Maren I	Maren I	Maren I
Thomas	Thomas	Thomas	Thomas	Thomas
Julianne		Julianne		Julianne
Karsten	Karsten	Karsten	Karsten	Karsten
Dagmar	Dagmar	Dagmar	Dagmar	Dagmar
Jarand	Jarand	Jarand	Jarand	Jarand
Kent Nickolay	Aslak	Aslak		Aslak
Lars	Kent Nickolay	Kent Nickolay	Kent Nickolay	Kent Nickolay
Linnea	Lars	Lars	Lars	Lars
		Linnea		Linnea
10 barn	8 barn	11 barn	7 barn	11 barn

Personalliste

Namn	Stilling	Dagar på jobb
Ann-Christin Freberg Høgetveit	Styrar	Alle
Reidun Groven	Barne- og ungdomsarbeidar	Måndag, onsdag, torsdag
Tove L. Aase	Barne- og ungdomsarbeidar	Onsdag, torsdag
Jane Kolnes	Assistent	Tysdag, torsdag, fredag
Anita Langåsдалen	Assistent	Måndag, tysdag, onsdag, fredag

Årskalender 2011-2012

Veke	Dato/dagar	Aktivitet
	2011	
33	17.08	Oppstart av nytt barnehageår
33 - 35		Bli kjent
38	20.09	Foreldremøte barnehage
38	23.09	Planleggingsdag. Barnehagen stengt
41	10.10-14.10	Haustferie på skulen
42	Avtal dato	Foreldresamtaler
42-	Tysdagar	3 og 4 klasse les for oss. Kl. 09.10-09.30
43	24.10	FN- dagen. Forut prosjekt
50	13.12	Lucia- feiring for barna, personalet og foreldra
51	21.12	Joleavslutning i lag med skulen for barna og personalet Kl. 10.00-12.00
51	24.12-30.12	Joleferie- barnehagen er stengt
	2012	
1	02.01	Planleggingsdag
6		Foreldremøte med tema
7		Markere fastelaven
8	20.02-24.02	Vinterferie på skulen
9	29.02	Kostymerenn i lag med skulen. Kl.10.00-12.00
11		Helsesyster kjem på besøk i barnehagen
12	23.03	Påskemåltid for barna, personalet og foreldra
14	05.04-09.04	Påskeferie (onsdag 04.04 stenger barnehagen kl 12.00)
15	Avtal dato	Foreldresamtaler
18	01.05	Offentleg høgtidsdag
20		Vi ryddar og rakar ute til 17 mai- feiringa
20	17.05	17mai og Kristi himmelfartsdag
22	28.05	2 pinsedag
24	11.06	Planleggingsdag Barnehagen er stengt
24	15.06	Sykkeldag i lag med skulen. 12.00-14.00
25		Sommarfest for barna, personalet og foreldra Foreldra har ansvar

OBS: Datoane, vekene og aktivitetane kan bli endra undervegs.